UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for global helse og samfunnsmedisin

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse
2013/661-KIN

Dato
21.02.2013

Forskarutdanningsmelding 2012 for Institutt for global helse og samfunnsmedisin, tidlegare Institutt for samfunnsmedisinske fag og Senter for internasjonal helse

I 2012 vart det avlagt 13 doktorgrader ved ISF, og 12 (+ 1 Dr. philos) ved SIH. Alle desse hadde alle hovudrettleiar ved ISF/SIH.

Hovudrettleiar	Medrettleiar
Schei, Edvin (ISF)	
Moe-Nilssen, Rolf (ISF)	
Meland, Eivind (ISF)	
Hunskår, Steinar (ISF)	Ruths, Sabine
Øyen, Nina (ISF)	Rokne, Berit/Nordin, Kari
Ruths, Sabine (ISF)	Stensland, Per
Strand, Liv Inger (ISF)	Råheim, M
Moe-Nilssen, Rolf (ISF)	
Malterud, Kirsti (ISF)	
Sandberg, Sverre (ISF)	
Stensland, Per Steinar (ISF)	Flottorp, Signe
Rokne, Berit (ISF)	
Strand, Liv Inger (ISF)	Skouen, Jan Sture
Astrid Blystad (SIH/ISF)	
Thorkild Tylleskär (SIH) 2	
Bjarne Robberstad (SIH) 2	
Reidar Lie (SIH)	
Odd Mørkve (SIH)	

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

Institutt for global helse og samfunnsmedisin
Telefon
Telefaks

Postadresse
Postboks 7804
5020 BERGEN

Besøksadresse
Kalfarveien 31
Bergen

Sakshandsamar
Kirsti Nordstrand
55 58 85 13

Knut Fylkesnes (SIH)	
Kristian Heggenhougen (SIH)	
Thorkild Tylleskär (SIH)	
Ingvild Sandøy (SIH)	
Tor Strand (SIH)	

Oppfølging av prioriteringar som var omtalt i forskarutdanningsmeldinga for 2011:

Av prioriteringar omtalt i forskarutdanningsmeldinga for 2011 hadde både ISF og SIH fokus på oppfølging av ph.d.-kandidatane.

Fokuset på oppfølging av ph.d.-kandidatane er høgt både på ISF og SIH. Det nye instituttet vil vidareføre dette.

ISF hadde også fokus på auka antall utlandsopphald for våre kandidatar. Tiltak som ein ser kan virke er stipendordning for utlandsopphald.

SIH sette i si melding opp at det var ei ynskja prioritering å lage ei oversikt over type aktivitet, og lengde på utlandsopphald, i tillegg til merkevarebygging av studieporteføljen ved SIH ikkje berre internasjonalt, men også ut mot resten av UiB og nasjonalt.

Merkevarebygginga må ein også sjå i lys av søkanden om å få senterstatus som Senter for Fremragende Forsking (SFF) som SIH fekk i slutten av 2012. SFF-status er med på å gjere SIH meir synleg ved UiB og på nasjonalt plan.

For å få oversikt over type aktivitet, og lengde på utlandsopphald anbefalte SIH fakultetet om å lage ein mal over kva type data DBH og andre instansar treng for å kunne lage målbare oversikter over internasjonalisering av forskarutdanning ved fakultetet. Mal for dette veit me ikkje status for.

Forholdet mellom forskarutdanning og forskingssatsing:

Ved ISF har ein månadlege møte for ph.d.-kandidatane der ein går gjennom ein artikkel og diskuterer denne. Dette har som føremål at kandidatane både skal få tilknytting til instituttet, men også for at dei skal knytte band på tvers av forskingsfelt. Dette vil bli oppretthaldt også ved det nye instituttet. Me ynskjer å knytte dei ulike forskargruppene tettare til dette møtet, ved at dei ulike forskargruppene skal få ansvar for å komme med artikkel som skal presenterast til kvar sine møte.

Forskingsgruppene ved både ISF og SIH har i sine strategiplanar sagt at det skal vere prioritert å involvere og inkludere master-, forskarlinjestudentane og ph.d.-kandidatane i forskingsgruppene. Begge stader er kandidatane invitert med i forskingsgruppemøtene.

I 2013 skal ein søke om å vidareføre forskarskulane. ISF sin forskarskule vil bli søkt om å bli oppretthaldt vidare. Ved SIH arbeider ein no med å forankre forskarskulen på leiarnivå, og vil prøve å få dette på plass innan søknadfristen. Det vil vere viktig å forankre forskarskulen også i den nye senterleiinga slik at forskarskulen går hand i hand med forskingssatsinga.

Ved det nye instituttet blir det søkt om oppretting av fleire nye ph.d.-emne. Desse har ei tydeleg tilknytting til ulike forskingsgrupper, og har difor også som formål å styrke forholdet mellom forskarutdanning og forskingssatsing. Emnene er likevel eigna som opne emne i doktorgradsutdanninga ved MOF. Instituttet har ein stor emneportefølje

på ph.d.-nivå, og denne vil også bli utvida i samband med at me deltek i to nasjonale forskarskular - i allmennmedisin og epidemiologi.

Gjennomstrømming og gjennomføring i forskarutdanning, og korleis betre gjennomstrømming?

Både ved ISF og SIH er me stort sett nøgd med både gjennomstrømming og gjennomføring av forskarutdanninga for våre kandidatar. Dei fleste gjennomfører på normert tid eller utsett tid som følgje av ymse permisjonar – dette gjeld både ISF og SIH. Sidan dei fleste ph.d.-kandidatane ved SIH er finansiert gjennom kvote-, NUFU eller andre ordningar som gjeld kun for ein tidsbegrensa periode (vanlegvis for 3 år, 4 år med feltarbeid) ser ein at dette er med på å halde gjennomstrømminga stabil.

Oppfølging av dei få som har problem med progresjonen har vore i fokus, og det vil også bli prioriterte tiltak for det nye instituttet i 2013.

Både ved ISF og SIH har det vore arbeidd mykje med å knytte ph.d.-kandidatane til ei forskingsgruppe og eventuelt ei faggruppe. Me ser det som særs viktig at både kandidat og ekstern rettleiar har kontakt med instituttet ved oppmøte og ikkje berre på telefon og e-post. Dette vil vere med å sikre alle partar i høve til krav og rettigheiter. Dette arbeidet vil me fortsetje med.

Andre tiltak som ein er oppteken av å oppretthalde ved SIH er å halde eit informasjonsmøte for alle aktive ph.d.- kandidatar der viktig og oppdatert administrativ informasjon blir gjeven.

Omfang av underkjenning:

ISF hadde to underkjenningar av avhandling i 2012, medan SIH hadde ein avhandling som vart underkjent.

For mogleg å unngå dette i framtida kan ein knytte tettare samarbeid med rettleiarane. Det er også viktig med administrativ oppfølging undervegs for å prøve å sikre progresjon.

Implementering av midtvegsevaluering:

Det er berre gode tilbakemeldingar frå kandidatar og rettleiarar både ved ISF og SIH.

Ved ISF er det leiar for forskingsgruppa der kandidaten høyrer til, som har ansvar for innkalling til midtvegsevalueringa. I tillegg er det leiar si oppgåve å setje saman utval til evalueringa. I 2013 vil ein forsette på denne måten. Det er god dialog mellom kandidat, rettleiar og administrasjon ved ISF. Dette betyr at me saman finn løysingar for kva tid midtvegsevalueringa skal finne stad.

Ved SIH er dei godt førnøgde med ordninga som vart oppretta hausten 2011, der det er lagt opp til ein dag i semesteret som er sett av til midtvegsevaluering. Då gjennomfører dei som skal ha evaluering denne i plenum, der forskarskulen i internasjonal helse er invitert. Vår 2013 blir det lagt opp til to dagar på grunn av mange kandidatar.

I 2012 gjennomførte 21 kandidatar midtvegsevaluering ved ISF, og 3 kandidatar ved SIH.

ISF og SIH har samarbeidd om gjennomføring av både midtvegsevaluering og disputas i året som har gått.

Rettleiaropplæring:

Ved ISF har fleire følgt UiB si rettleiingsopplæring i 2012. Generelt er tilbakemeldingane om programmet gode.

Innføring av ph.d.-registrering og felles framdriftsrapportering for ph.d.-kandidatane og kva resultat dette gjev i forhold til oppfølging av ph.d.-kandidatane:

Ph.d.-registreringa fungerer bra. Dette kan gje ein indikasjon for kven ein eventuelt bør følgje tettare opp (dette med tanke på om dei får registrert seg i tide osv). Registreringa gjev også eit bilete av kva for emne den enkelte planlegg å ta i løpet av semesteret. Dette kan også gje oss ein indikasjon på kven som treng oppfølging i forhold til progresjon.

Felles elektronisk framdriftsrapportering: Tilbakemeldingane me får er at informasjonen både til rettleiarane og kandidatane etter rapportering er dårleg – ingen får tilbakemelding frå rapportane med mindre det er evaluert så dårleg at det i seg sjølv gjev grunn for oppfølging. Det er heller ikkje eit godt system for å fange opp dei som treng oppfølging, men som i evalueringa gjev inntrykk av alt går som det skal – for det er rapporteringssystemet for oppdelt, noko som gjer at ein må leite etter svar.

Venleg helsing

Rolv Terje Lie
Instituttleiar

Kirsti Nordstrand
førstekonsulent